

Referat FAU-møte 2. nov. 2015

Desse møtte:

Monika Næss, FAU

Eirin Misje, FAU - fråfall

Britt Iren L. Myking, FAU

Elisabeth Vågenes, FAU

Knut Magnus Haugland, FAU

Janne R. Mellingen, FAU - fråfall

Arne Kjetil Marøy, FAU

Hanne-Mari Engen, rektor

Fredag 30. oktober 2015 vart FAU kalla inn til møtet i dag via SMS/telefon, for å diskutera forholda rundt planane om nytt flyktningmottak for mindreårige flyktningar 15-18 år, mellom barnehagen og skulen. Ein del av foreldra er urolige for at 20 eller fleire bebruarar kan verta ei fare for tryggleiken til elevane ved skulen. FAU etterlyser risikovurdering før det eventuelt vert oppretta eit mottak så nært skulen. Foreldra meiner det er viktig at skulen sikrar tryggleiken til elevane i alle situasjonar, og at det t.d. vert sett inn ekstra inspeksjon om det vert naudsynt.

Om Hordabøheimen vert godkjent til å driva mottak og om planane vert noko av er enno usikkert. Me veit ikkje kva desse flyktningane skal ta seg til på dag og kveld. Difor er det vanskeleg å konkludera noko sikkert korleis me skal forholda oss i saka.

Det er få tilbod på Bø til ungdomar, difor er det viktig at bygda får eit breiare tilbod, om det vert mottak, meiner foreldra. FAU etterlyser ein plan for korleis ein har tenkt å takla utfordringa med mottak på Bø. Foreldra spør: *Kven har ansvaret om det skjer noko med barna på skule/barnehage som følgje av mottaket?* Nokre av foreldra lurar på om kapasiteten til å nytta gymsalen på skulen for bygda, vert mindre om dei nye ungdomane får førsteretten. Elevane på skulen nyttar skulen mykje til leik på kveldstid, og nokre føler det ikkje vert like trygt å senda ungane dit då.

Foreldra understreker at dei er mest uroa for plasseringa så nær skule og barnehage, med omsyn til tryggleiken til barna.

FAU lurar på om skulen har kriseplanar til å møta menneske som går berserk på skulen.

Referent Hanne-Mari Engen, rektor